



Linda Lyngstad

Vår ref:
22/12089 - - TOM

Dykkar ref.

Vedtaksdato:
28.10.2022

Revisjon av arkivplan

Bakgrunn

Alle offentlege organ skal til kvar tid ha ein ajourført arkivplan som viser kva arkivet omfattar og korleis det er organisert, jf. arkivforskrifta § 4. Arkivplanen skal og vise kva slags instruksar, reglar, planar mv. som gjeld for arkivarbeidet. I riksarkivarens forskrift § 1-1 om arkivplan er det skildra krav til innhald.

Hensikta med arkivplanen er at den skal vere Bremanger kommune sitt kvalitetssystem for arkivdanning og arkivforvaltning, -eit viktig internt arbeidsreiskap og styringsverktøy.

Arkivplanen gjev bindande retningsliner for handsaming av all informasjon og dokumentasjon i Bremanger kommune. Tilsette på sentralarkiv og saksbehandlarar i kommunen er forplikta til å halda seg orientert om arkivplanens innhald, og følgje dei retningsliner og rutinar som planen inneheld.

Oppdatering av arkivplanen skal skje minst kvart 4. år og ved endringar som:

- ved omfattande omorganisering av kommunen
- det blir oppretta og teke i bruk nye fagsystem
- etter kvart kommuneval

Den elektroniske arkivplanen skal oppdaterast og ajourhaldast fortløpande. Driftssjef/kommunedirektør melder i frå til arkivleiar ved endringar og behov for oppdateringar.

Arkivleiar melder i frå til kommunedirektøren, når endringane er så omfattande at arkivplanen bør periodiserast og det bør gjerast nytt vedtak.

Oppdatering av arkivplanen skal blant anna skje når

- det skjer endringar i post- og arkivrutinar
- ein kommunal eining opprettar et nytt arkiv eller arkivdel
- det vert teken i bruk ny arkivnøkkel
- ein kommunal eining tek i bruk eit nytt datasystem for lagring av informasjon
- kommunale einingar blir lagt ned eller oppretta
- det blir lagt ned eller oppretta styre eller utval
- det blir gjort vesentlege endringar i kommunen sitt delegasjonsreglement
- kommunale oppgåver vert overført til verksemdar utanfor kommunen
- arkivleiar avgjør ellers om det er behov for oppdatering av arkivplanen

Arkivleiar har no gjennomgått og kome med framlegg til revidert arkivplan.

Vedtak

Framlegg til revidert arkivplan vert godkjend slik den ligg føre.

Helsing

Tom Joensen
Kommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til

Hilde Jenssen Midtbø